



Gjenfødd uskuld

Rogaland Teater har valt eit utmerkt stykke til å opna ein ny sesong og eit nytt regime med.

TEATER

Stormen

Av William Shakespeare

Regi: Øyvind Osmo Eriksen

ROGALAND TEATER

I 1609 forliste eit engelsk seglskip i ein orkan utanfor Bermuda, men kapteinen greidde berga alle dei hundre og femti passasjerane levande i land. Året etter dukka dei opp på det amerikanske fastlandet i to små skuter som dei hadde laga av vrakrestane. Denne hendinga er bakgrunnen for *Stormen*, det siste skodespelet til William Shakespeare.

INGEN UTOPI

Eit skip lasta med hovmodige adelsmenn forliser i eit fælsleg uvær. Passasjerane karar seg i land på ei øy som dei tek for å vera tom

og ubygd. Mens dei sit på stranda og sturer, gir den mest optimistiske blant dei seg til å leggja planar for eit idealsamfunn med grunnlag i Thomas Mores *Utopia*: Der skal ikkje vera styresmakter, og kvinner så vel som menn skal vera frie for strev og utnytting.

Men øya er ikkje så aud som dei trur. Trollmannen Prospero held til der frå før, og det er han som har mana fram stormen, for å straffa dei som ein gong tok frå han makt og rikdom.

Saman med Prospero bur den unge dotter hans, som er oppkalla etter den portugisiske samfunnskritikaren Sá de Miranda. Ho er eit idealisert naturbarn, klok og sterk, og så uskuldig som var ho fødd i går. Til denne dag har ho ikkje kjent andre menneske enn far sin. Når ho får sjå dei skipbrotne, bryt ho ut i jubel:

«Så vakker menneskeslekta er! Å fagre nye verd som har så slike folk i seg!»

TRUFAST MOT SHAKESPEARE

Det har lenge vore skikk at eldre skodespel skal skrivast om og skjerast ned for å høva for eit moderne publikum. Resultatet blir som regel både grisete og banalt, for klassisk drama kan verken setjast på formel eller utkrystalliseras i ein essens. Ved oppsetjinga av *Stormen* på Rogaland Teater no i vinter har regissøren Øyvind Osmo Eriksen heldigvis gått i motsett retning og følgjer meister Shakespeare til minste detalj.

Scena er naken og lyssetjinga enkel, koreografien er livfull og kostyma er lekke, og musikken er halden i den opphavlege barokk-stilen. Etter ein litt død start med

eit skipsmannskap som manglar den yrkesmessige autoriteten til sjøfolka frå sekstenhundretalet, opnar det seg ei luke i golvet der alle om bord ramlar ned og blir oppslukte av havet. Sidan går det så det gyv med ein hærskare av aristokratar, klovnar, åndevesen og uhyre.

Even Stormoen spelar Prospero, Katrine Dale er den femten år gamle Miranda, Audun Sandem er den vakre kjærasten hennar, og Nina Ellen Ødegård er luftända Ariel. Aller best er Jan Sælid som holemannen Caliban. Han er den som alle ser ned på, lumsk og brutal, sleip og krypande. Likevel lengtar han mot eit betre liv, han som alle andre.

LIVSTRUASIGRAR

Rett nok blir det ingenting av det utopiske idealsamfunnet på den

aude øya, for dei skipbrotne reiser heim igjen etter nokre få timar. Men livstrua til Miranda sigrar over heile linja, og alle blir forvandla til det betre. Sjølv Prospero gir avkall på trollmannskunstene for å vera medmenneske på heiltid.

No som all verda nyleg har fått tilbake trua på seg sjølv fordi Barack Obama har blitt president i USA, høver det godt med ein fabel om kva som skjer med dei fortapte når dei får nye mål i sikte. Den nyttilsette teatersjefen Arne Nøst kunne ikkje valt betre emne for opninga av regimet og sesongen enn dette fire hundre år gamle eventyrspellet.

SOLVEIG AARESKJOLD

Solveig Aareskjold er forfattar.

På veg mot forløyning og katastrofe samstundes faldar historia seg ut som ei skøyrt og vakker vifte.

Kjærleiken, døden og Jon Fosse

TEATER

Andvake

Av Jon Fosse

Regi: Kjetil Bang-Hansen

Scenografi: Helge Hoff Monsen

Musikk: Benedicte Maurseth

DET NORSKE TEATRET, PRØVESALEN

Jon Fosse er utan samanlikning den einaste store norske nolevande dramatikaren, og dei siste ti åra har det vel ikkje gått ein sesong utan at minst eitt, eller gjerne to, av stykka hans er på teaterrepertoaret. Det er ingen tvil om han har knekt ein kode, med omsyn til formspråket, i den nye scenedramatikken. Han er nyskapande og samstundes jordnær. *Andvake*, som no vert framført på Det Norske Teatret, er

ikkje eit skodespel, men ein kortroman, spela som forteljeteater, i ei musikalsk ramme. Den dramatiske effekten kviler såleis mykje meir på den endelege framsyninga enn på teksta i seg sjølv. Men dikteren smyg seg jammen inn på oss i denne innpakninga og, framleis enkel, direkte – og løyndomsfull.

Svein Tindberg, som framfører teksta, har gjort stor lukke med forteljeteater før, då og som no i samarbeid Kjetil Bang-Hansen. Det fascinerande med denne forma, som desse to tydeleg har finslipt og vidareutvikla, er at dei skaper ei underleg, vedvarande rørsle, som mest heile tida får oss til å gløyme at dette berre er ein mann som fortel. Vi vert tekne inn i det fortalde. Benedicte Maurseth, som både har laga musikken

og framfører han på ulike strykeinstrument, er Tindbergs makker på scena, heile tida til stades. Stundevís går ho òg inn i rolla som kvinna i forteljinga, berre med ein liten replikk om gongen, og aldri i lengre dialog med Tindberg. Likevel er det denne kombinasjonen mann/kvinne og ord/musikk som driv framsyninga.

BIBELN OG BERGEN

Kva handlar så *Andvake* om? (Ja, *andvake* tyder 'søvnløyse', for dei som ikkje veit det.) Eit ungt par som har måtta dra heimanfrå like før dei skal ha barn, kjem rådlause og utslitne til byen, der dei ikkje ser ut til å få husrom nokon stad. Byen heiter *Björgvin*, og bakteppet Helge Hoff Monsen har skapt, viser eit umiskjenneleg riss over Bergen, til og med dei sju fjella er

komne med. Dermed har vi så nokolunde fått ei tidfesting av historia. Mannen og kvinna er unge, men bae har ei historie å bere på. Som ein vel alt med dette kan sjå, er det her klare allusjonar til bibelhistoria, men det er òg element i teksta som viser til andre klassiske kjelder. Det som til dømes vert sagt om den unge mannen, som er spelemann og spelemannsson og har spelemannslagnaden i blodet, kan få tankane til å gå mot den reinspikka norske nasjonal-litteraturen. Dette er ting både Bjørnstjerne Bjørnson og Kristofer Janson har fortalt om til tidlegare generasjonar.

ULMANDE

Men den stillfarne og tilforlatelege historia om desse to syner seg å ha mørkare djupner etter

kvart. Det paradoksale, ei historie som utviklar seg mot forløyning og katastrofe samstundes, faldar seg ut som ei skøyrt, vakker vifte, slik Tindberg og Maurseth held det fram på kvar sin måte, lågmælt og samstundes ulmande.

Framsyninga *Andvake* er eigentleg eit tingingsverk for Rikskonserterne, og etter speletida på Det Norske skal stykket ut på turné i heile Sør-Noreg. Mange vil nok verte fengsla av denne boka som har vorte teaterstykket og konsert samstundes, og utan å halde nokon utanfor trur eg kan hende at det vestlandske publikummet vil kome fortast «på nett» med denne opplevinga.

BENT KVALVIK

Bent Kvalvik er filmarkival og fast teatermeldar for Dag og Tid.